



Mjelstad og Stokke Rørlf. AS  
5282 LONEVÅG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1798 - 17/16425

Sakshandsamar:

Torbjørn Helgeland

torbjorn.helgeland@osteroy.kommune.no

Dato:

07.08.2017

## 96/48 - Fotland -Søknad om løyve til tiltak - legging av vassleidning til offentlig vassleidning - vedtak

**Administrativt vedtak. Saknr: 218/17**

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1, 20-2 og 20-3.

Ansvarleg søker: Mjelstad og Stokke rørleggerforretning AS, Fotlandsvegen 39, 5282 Lonevåg.  
Tiltakshavar/fakturamottakar: Jørn Ahmer, Osterøyvegen 2642, 5283 Fotlandsvåg.  
Søknaden motteke: 10.07.2017.

### RÅDMANNEN SITT VEDTAK

" I medhald av delegert mynde til rådmannen frå heradsstyret av 14.12.2011 vert det gjort slikt vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for legging av privat vassleidning frå gnr. 96, bnr. 48 for tilkopling til offentlig vassleidning på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan datert 07.07.2017 med heimel i pbl. § 29-4, jf. Forskrift om byggesak (SAK) § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
3. Tiltaket er tilstrekkeleg dekket med ansvar, jf. plan og bygningslova § 21-4, 2. ledd.
4. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk i samsvar med løyve til påkopling datert 08.05.2017, og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan, jf. plan- og bygningslova § 27-2."

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om legging av privat vassleidning for tilkopling til offentlig vassleidning.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid og leidningsnett.

---

#### Post

post@osteroy.kommune.no  
Rådhusplassen  
5282 Lonevåg

#### Kontakt

www.osteroy.kommune.no  
Telefon 56 19 21 00  
Telefaks 56 19 21 01

Konto  
Org.nr. 864.338.712

Det vert elles synt til søknad motteke 10.07.2017.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 10.07.2017 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som eksisterande næringsareal.

Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er 25 % BYA.

### **Dispensasjon**

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Rørde naboar har signert naboerklæring for tiltaket i dokument datert 20.03.2017.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er synt i situasjonsplan datert 07.07.2017.

### **Vatn og avløp (VA)**

Tiltaket skal knytast til offentleg vassverk.

Det er søkt om og gjeve løyve til tilknytning til det kommunale vassverket den 08.05.2017.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

## **VURDERING**

### **Nabovarsel**

Rådmannen legg til grunn at rørde naboar har signert naboerklæring for tiltaket i dokument datert 20.03.2017. Rådmannen vurderer at det ikkje er aktuelt å krevje ytterlegare varsling av naboar, jf. plan- og bygningslova § 21-3, 2. ledd.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Privatrettslege tilhøve**

Kommunen minner om at løyve etter plan- og bygningslova ikkje inneber at privatrettsleg tilhøve vert avgjort, jf. plan- og bygningslova § 21-6. Kommunen legg til grunn at tiltakshavar har ordna med privatrettslege tilhøve etter plan- og bygningslova § 21-6.

### **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1, jf. forskrift om byggesak § 9-3.

Ved tiltak etter plan og bygningslova § 20-3 pliktar tiltakshavar å vidareføra sitt ansvar til ansvarlege føretak, jf. plan og bygningslova § 23-1, 3. ledd, første punktum.

Kommunen har motteke signert erklæring for ansvarsrett frå følgjande føretak, jf. plan og bygningslova § 23-3, 2. ledd:

Rolle	Tk	Ansvarsområde	Godkjend føretak	Organisasjonsnr	S/N
SØK	1	Søkjar	Mjelstad og Stokke rørleggerforretning AS	974 371 855	SD
PRO	1	Rørleggjar stikkleidning	Mjelstad og Stokke rørleggerforretning AS	974 371 855	S
PRO	1	Gravearbeid	Osterfjord Maskinstasjon AS	988 258 776	N
UTF	1	Rørleggjar stikkleidning	Mjelstad og Stokke rørleggerforretning AS	974 371 855	S
UTF	1	Gravearbeid	Osterfjord Maskinstasjon AS	988 258 776	N

SØK = ansvarleg søkjar, PRO = prosjektering av, UTF = utføring av  
 Tk = Tiltaksklasse, S = Sentral godkjenning, N = Ikkje sentralgodkjenning


Kommunen vurderer at tiltaket er tilstrekkeleg dekka med ansvar, jf. plan og bygningslova § 21-4, 2. ledd.

#### Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.



I naturbasen ligg det informasjon om at havelle, stokkand, toppand, kvinande og siland er registrert i sjøen ved eigedomen:



Av disse har havelle raudlistestatus NT (nær truet), medan dei andre ikkje har raudlistestatus. Ingen av artane registrert som prioritert art.

Vidare ligg det i naturbasen informasjon om at det i strandsona er kartlagt friluftslivsområde



Rådmannen kan ikkje sjå at det finst andre registreringar, og kan vidare ikkje sjå at det finst registreringar av raudlisteartar, artar av nasjonal forvaltningsinteresse eller utvalde naturtypar på gnr. 96, bnr. 48 og vidare bort til kommunal leiing. Kunnskapsgrunlaget er vurdert å vere tilstrekkeleg.

Rådmannen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldlova.

### **Konklusjon**

Rådmannen vurderer at søknaden er fullstendig, og sidan det ikkje er søkt om unntak vert det lagt til grunn at tiltaket skal oppfylle alle tekniske vilkår, jf. plan- og bygningslova § 21-4. 1. ledd.

Kommunen gjev løyve til legging av privat vassleidning frå gnr. 96, bnr. 48 for tilkopling til offentleg vassleidning.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Til orientering**

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1798.

## Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

## Bortfall av løyve

Om byggarbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gjeve, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

## Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

## Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.7	Vassleidning	1	Kr. 4.000,-
	<b>Totalt gebyr å betala</b>		<b>Kr. 4.000,-</b>

Art	Ansvar	Teneste	Kostnadsstad	Prosjekt	Mva/Mva.k	Debet	Kredit
16200	69000	3021					4.000,-

Tiltakshavar vil få tilsendt krav på gebyr for sakshandsaminga.

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4 (6).

## Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngeven.

Med helsing

Laura Ve  
Seksjonsleiar Plan og Teknisk forvaltning

Torbjørn Helgeland  
fagansvarleg byggesak

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Kopi til:

Jørn Ahmer  
Matrikkelansvarleg arkiv  
Matrikkelansvarleg kart  
ØKONOMI

Osterøyvegen 2642

5283

FOTLANDSVÅG

### Mottakar:

Mjelstad og Stokke Rørlf. AS

5282

LONEVÅG